

# Referat frå møte i Ungdomsrådet



**15.01.18**

**kl. 13:30 – 15:00**

**Frammøte: Kommunestyresalen**

**Møteleiar:** Ulvar Akselsen, leiar

1. Alle møtte, med unntak av Bjørn-Sigurd som hadde meldt gyldig fråfall.
2. Innkalling og referat vart godkjent.
3. Dagsorden vart godkjent med følgjande endring:  
Første sak om «Digital rettleiar og inforside» ved Birthe Blokhus går ut.
4. Økonomi: rådet har kr 50 000 til disp. kalenderåret 2018.
5. Fotografering gjennomført. Nytt foto og oppdatert informasjon på Stord kommune si heimeside.

## **Saker:**

### **6. Minitinget**

Ulvar gav ei orientering om Minitinget: Eit interaktivt spel der ein lærer om politiske organisasjonar og prosessar i Norge. Læringsspelet varer i ca tre timar og går føre seg i underetasjen på Stortinget i Oslo. Ein kan søkja om tilskot for å besøka Minitinget. Neste søknadsfrist er for perioden august til og med oktober 2018 og er sett til 28. mai 2018. Det må vera minimum 16 deltakarar.

Nettstad, Minitinget: <https://www.stortinget.no/no/Hva-skjer-pa-Stortinget/Omvisninger/oversikt-over-omvisninger/Omvisning-Minitinget/>

Det vart ikkje teke stilling til om ein skal satsa på å få til ein tur eller ikkje.

### **7. Folkehelsedagar 2018**

Meghan tek kontakt med rektor på Stord Ungdomsskule og spør om lov til å arrangera ungdomsarrangement/konsert på nye skulen fredag 4. mai.

Frist: torsdag 18. januar 2018 kl 23.00. Meghan legg ut melding på FB slik at alle i rådet er orientert om utfallet.

*Framdriftsplan:*

*Januar 2018: Finna og avtala eigna lokale for arrangementet (ansvar: Meghan)*

*Januar 2018: Informera Bjarte Epland slik at han førebu evt. vaktald mm.*

*Feb.-Mars 2018: Invitera band/andre som kan bidra og laga program for kvelden.*

*April 2018: Utlysing i avis mm.*

Det vart diskutert å spørja Symra og Spinae om dei vil bidra/delta på arrangementet. Samrøystes vedteke at aldersgrensa vert sett til 13-19 år.

### **8. Gensrar**

Clique. Mørkeraudaud genser/kvit tekst. Samme logo (større, bak) og samme tekst (framme). Byrået, Stord. Laga forslag til design, pristilbod.

Hege mailar Byrået.

## **9. Ymse:**

Framlegg om å oppretta Instagramkonto for Ungdomsrådet. Mange ungdommar er på Instagram og det er enkelt og effektivt å oppdaterta og nå ut til mange. Forslag om at Anne Marte opprettar konto og passord. Ho deler passord på FB-gruppa slik at alle i ungdomsrådet kan bruka Instagramkontoen og bidra. Samrøystes vedteke.